

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 58/2007

Møtedato: 9.10.07

Arkiv nr: S 716

S 716, Bukono - søknad om inngjerda beiteareal

Arne Lome søker om å få vist ut ca 12-13 daa beiteareal inntil stølen i Bukono. Areala går ned til fjorden på både aust- og vestsida av eksisterande stølsjorde. Arealet skal ryddast/gjødslast og brukast til beite av mjølkekyr og ungdyr.

På arealet aust for stølen går det ein stig ned til naust F 890 som tilhøyrrer Braka 64/4. Naustet ligg innfor det omsøkte areal.

Stølsforskrift §6. *Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller kulturbeite, og eventuelt inngjerding, jf. §19 første stykket i fjellova.*

Søknad om utvising av tilleggsjord skal Statskog leggja fram for kommunen, fjellstyret og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrking i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding, til beitebruk, skal kommunen gje fråsegn om dei forholda som er nemnde i §5 i forskrifta om nydyrking.

Fjellstyret si fråsegn vert kunngjort. Vert det protestert mot utvisinga, handsamar fjellstyret saka på nytt. Endrar fjellstyret fråsegna, skal det gjerast kjent ved ny kunngjering.

Statskog gjer vedtak om utvising av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett.

Er det usemje mellom fjellstyret og Statskog, skal saka leggjast fram for Statskog Hovedkontoret som gjer vedtak.

Setervoll og dyrkingsjord eller kulturbeite som skal visast ut saman med eller leggjast til seter, måler Statskog ut etter at fjellstyret har hatt saka til fråsegn. Statskog skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga.

Sidan naustet ligg inn på det omsøkte areal har ein bedt Odd Kolbjørnshus om uttale og han har gjeve følgjande tilbakemelding på e-post datert 3.10.07:

Ser positivt på søknaden frå Arne Lome om utviding av stølsjordet i Bukono.

Med hensyn til stigen ned til naustet mitt kunne eg tenke meg å få lagt den langs utsida av det nye gjerdet, dette i forståelse med Arne Lome.

Når det gjeld naustet ville eg gjerne få tillatelse til å fløtte det ca 50m østover, slik at det kjem på utsida av gjerde. Der naustet ligg no er det svert utsatt for drevsnø som bryt det skakt kvar vinter.

Dersom eg får tillatelse til å fløtte naustet har eg ingen andre merknader .

Vedtak:

Fjellstyret tilrår søknaden frå Arne Lome om tilleggsjord på vilkår av at Odd Kolbjørnshus får løyve til å flytte naustet sør for inngjerdinga. Søknaden blir lagt ut til offentleg ettersyn.

For å lette tilgangen langs vatnet tilrår fjellstyret over for Statskog at det blir stilt krav om gjerdetrappar.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.10.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Arne Lome
Odd Kolbjørnshus
Statskog
Vestre Slidre kommune